

# Årsmelding 2021



ARKEOLOGISK  
MUSEUM  
Universitetet i Stavanger

# Frå direktøren

2021 blei enda eit år prega av korona-pandemien. Aktiviteten på museet har variert frå nesten normale tilstandar, med godt besøk og flotte arrangement, til heimekontor og redusert aktivitet på museet. Tilsette på museet fortener ein stor takk for igjen å ha vist omstillingsevne. Tak til dykk som i stor grad har måtte jobbe utan fysisk kontakt, og ikkje minst ein stor takk til dykk som ikkje kunne ha heimekontor og som har bidratt til den daglege drifta på mange område. Me har klart å halde fokus og arbeidsmoral oppe. Eg vil nytte høve i denne årsmeldinga å takke for innsatsen, klokskapen og det tolmod våre tilsette har vist.

I det store og heile har museet hatt ein stor og god aktivitet, særleg gjeld dette vår eksternt finansierte verksemد. Dei største prosjekta er knytte til utbygginga av ny trasé ved Harestad, Transportkorridor Vest frå Tananger til Sunde, E39 frå Ålgård til Kristiansand, og restaureringa av Stavanger domkyrkje.

Besøket på museet har vore prega av pandemien med mykje færre besökande enn tidlegare år. Trass i at cruisetrafikken var fråverande blei det ein relativt god sommarsesong. I haust kunne me igjen invitere til folkefest med Museumsnatt. Nytt av året er blant anna forskingspub, der publikum vert invitert til paneldebatt med aktuelle tema.

Museets forsking har tatt store steg dei siste åra, med gode resultat i publiseringstal, nye stipendiatstillingar og ikkje minst med dei nye NFR-prosjekta. I 2021 fekk me tildelt eit nytt og to store NFR-prosjekt blei sett i gang.

Me klarte og å setje av 2 millionar kroner øyremerka til strategiske satsingar. Å sikre tilstrekkeleg kapasitet og gjennomføring av større museale strategiske satsingar er særskilt viktig i ei tid med redusert handlingsrom for kvar einskild avdeling. Denne øyremerkinga har gitt gode resultat med fleire særskilt gode tverrgåande satsingar og investeringar.

Etter ei lang ferd med håp og tvil om eit nytt museumsbygg, måtte me innsjå at vårt nybygg ikkje vert realisert slik forprosjektet frå 2014 la opp til. Museet sitt behov for betre og større magasin, og store utstillingar er ikkje borte, men no må det ny planlegging til. No går museet vidare med planar om å vidareutvikle museet innanfor eksisterande rammer, med trehusa som ein integrert del.

La oss håpe at me i 2022 legg pandemien bak oss og at museet igjen vert ein open møteplass kor publikum kan møte forsking. At museet igjen og i aukande grad får synleggjort vår relevans som samlingstad og orienteringspunkt.



## Universitetsmuseet Arkeologisk museum (AM)

har som samfunnsoppdrag å bygge opp, drive og vedlikehalde vitskapelege samlingar og publikumsutstillinger.

Museet sine vitskapelege samlingar skal vere tilgjengelege for nasjonale og internasjonale forskingsmiljø. Formidling er eit prioritert område, og det er nettopp forskingsbasert formidling, irekna allmennretta formidlingstiltak av våre samlingar, som er målet.

I tillegg har museet omfattande forvaltingsoppgåver i medhald av kulturminnelova.



STAVANGER 24.03.2022

  
Ole Madsen  
direktør

# Formidlingsverksemda ved museet

2021 har, som 2020, vore prega av mindre aktivitet på grunn av koronapandemien. Me har hatt ope for publikum gjennom heile året. Besøkstala i 2021 var betre enn 2020, men med ein 45% nedgang frå 2019. Tilbodet til skuler gjekk tilnærma normalt gjennom året, men med nokre periodar kor me tilbydde kortare opplegg eller ikkje tok imot klassar av smittevernomsyn.

Fleire gode opplegg blei gitt til fyrsteårs-lærarstudentar K&H på Jernaldergården, lærarstudentar i samfunnsfag på Arkeologisk museum og Jernaldergården, og for barnehagelærarutdanninga ved UiS. Tverrfaglege dagar med tema berekraft og folkehelse for lærarstudentar blei gjennomført digitalt.

Utstillingsopning av modulen «**Eldre jernalder**» blei lagd saman med opninga for Forskningsdagane den 27. august. Til utstillinga var det laga eit undervisningstilbod til skular.

Gjennom året har det vore fleire eksterne aktivitetar med formidling.

Avdelinga har deltatt på tre større festivalar/arrangement i fylket, pluss eit i Agder saman med «Arkeologi på nye veier» og det regionale museet. Skular er besøkt, me har delteke på skuleturar og hatt formidlingsbesøk på eldre- og dagsenter.

Skuleklassar blei tatt imot i felt ved museet sine utgravingar i Ølen og på Eigerøy. Me har òg arrangert open dag i felt i Ølen. Me har samarbeida med Tingvatn (Agder) om eit fargeseminar; Eldre jernalders blåfarge. I vinter-, påske-, sommar-, haustferien og førjulstida var begge anlegga opne med eit tilbod tilpassa smittevernreglane.

<b>ÅRSSTATISTIKK</b>		<b>2019</b>	<b>2020</b>	<b>2021</b>
<b>Publisert</b>	AmS-småtrykk	2	3	2
	Frá haug ok heiðni	4	4	4
<b>Utstillinger (nye)</b>	Eigenproduserte	1	2	1
<b>Besøk</b>	Ordinære besøk Arkeologisk museum (AM)	27 032	7 235	17 824
	Ordinære besøk Jernaldergården (JAG)	20 885	6 666	8 127
	Skuleelevar AM og JAG	13 386	5 107	4 692
	Eksterne	1 364	479	3 172
	Samla besøk	62 672	19 487	33 185
<b>Publikumstilbod</b>	Omvisingar AM og JAG, skuleklasser ikkje medrekna	725	15	33*
	Utstillingsopningar	2	1	1
	Aktivitetsdagar	316	108	170
	Foredrag	14	10	14

\* I forbindelse med utleige

# Forsking og utvikling

Arkeologisk museum fekk i 2021 innvilga éin NFR-søknad, i kategorien Unge forskartalentar. Me har hatt **tre programområde**, som har bidratt til forsking gjennom publikasjonar, konferansedeltaking, søknadar og formidling.

Fleire forskrarar deltek og i nettverk, verv, undervisning, og som sensor, internt på UiS og eksternt. Det blei heldt sju Forskarforum med tre eksterne og fem interne foredragshaldarar i vår og haust, delvis fysisk og delvis digitalt. Forskingsleiar og direktør tildelte driftsmidlar for forsking basert på publiseringspoeng og søknadar. Ein forskar blei tildelt forskingstermin, og ein forskar utan fast forskingstid fekk tildelt frikjøpstid til artikkelskriving.

Museet har i 2021 hatt seks tilsette stipendiatar og tre postdoktorar. Ein fekk og tildelt ei stipendiatstilling gjennom sentralt akkumulerte midlar ved UiS, øyremerka Kognitiv lab. Det ble utlyst ei stilling i arkeobotanikk/paleoøkologi på tampen av året. Det blei gitt ut ein publikasjon i serien AM-Skrifter.

<b>FORSKING I TAL</b>	<b>2019</b>	<b>2020</b>	<b>2021</b>
VitsCAPElege nasjonale publiseringar	22	42	51
Internasjonale publiseringar	17	31	15
VitsCAPElege foredrag	36	10	22
Publiseringspoeng	17,1	44,5	19,1
Kongressar/seminar på museet	1	0	0
Gjesteforelesingar på museet	14	0	0
Verv i internasjonale komitear	1	1	4
EU-søknad	2	0	0
NFR-søknad	3	1	1 (deltakar)




	<b>2019</b>	<b>2020</b>	<b>2021</b>
Avdeling Samlingar	1	4,2	0,9
Avdeling Konservering	0,5	0,5	1,7
Avdeling Formidling	2,5	1,9	1
Avdeling Fornminnevern	11,6	28,11	15,5
Administrasjon	1,5	10	0
Arkeologisk museum	17,1	44,53	19,1

# Konserverings- og restaureringsverksemd

Konservering av arkeologisk materiale er ei lovpålagd oppgåve i museet. Det gjeld både konservering av nye funn frå utgravingane, rekonservering av gjenstandar frå samlingane, utstillingar og eventuelle utlån, men også metalldetektorfunn levert av privatpersonar. Konserveringsarbeidet er ei kontinuerleg pågående oppgåve i avdelinga. Funn gjennom arbeidet gjev viktige bidrag til ny kunnskapsproduksjon for museets forskrarar.

Restaureringsprosjektet Domkirken 2025 er eit særskilt viktig prosjekt for museets oppdrag innan steinkonservering. Omfanget er stort og kompetansen me nytter i form av tradisjonshandverk på kleberstein og mur er særskilt sjeldan spisskompetanse i Noreg. Innan same fagområde blei gjenreising av ein bauta i Steigen kommune i Nordland gjennomført i 2021. Prosjektet vart finansiert av Riksantikvaren og hadde stort lokalt engasjement.

Innan malerikonservering og bygningsundersøkingar er det i heile 2021 blitt arbeida med behandling av barokkinventaret i Stavanger domkyrkje, også som eit deloppdrag under prosjektet Domkirken 2025. Eit samarbeidsprosjekt med MUST, med utgangspunkt i barokkinventaret, blei sett i gang i 2021. Prosjektet har fått strategiske midlar og skal halde fram i 2 år til.



*Stavanger domkirkes barokke inventar under lupen, hvem har skåret hvem har malt? Bli med malerikonservatorene Hilde Smedstad Moore og Lise Chantrier Aasen inn på konserveringslabben på Arkeologisk museum, Universitetet i Stavanger.*



# Samlingsavdelinga

I 2021 fortsette samlingsavdelinga sitt fokus på kjedesikring. Arbeidet inkluderer revisjon og digitalisering av funnkatalogar og dokumentasjon, samt å evaluere og forbetra magasintilhøva.

Arbeidet med konservering og katalogisering av restansar med metallsøkjefunn fortset også. I naturvitenskapleg magasin har materiale frå 45 utgravingsprosjekt frå 2013-2021 blitt pakka og lagra, og eit omfattande dokumentasjonsmateriale frå Kvåle-utgravinga blei levert til arkivet.

Vitskapleg arkiv har dette året fokusert på pakking, merking og registrering av arkivmateriale frå forskingsprosjekt og arkeologiske utgravingar frå 1960-åra og fram til i dag. I samband med oppsettina av utstillingsmodulen "Eldre jernalder" gjorde fotografen eit stort arbeid med nyfotografering av gjenstandar frå romartid og folkevandringstid. Dei nyinnkjøpte 3D-skannarane vart for alvor testa og teknar i bruk i 2021. I året som gjekk har me fortsett arbeidet med å gjere foto og gjenstandar tilgjengeleg for eit breiare publikum i nettportalane **Digitalt Museum** og Unimus.no.

Bergkunstgruppa i avdelinga fokuserte i 2021 særskild på dokumentasjon med laserskanner og drone, i tillegg til meir tradisjonell skjøtsel. I samarbeid med kommunikasjonsgruppa sette ein med **#Utforsk-kampanjen** fokus på bergkunstlokalitetar i fylket som turmål, og kampanjen fekk nasjonal merksemd.

SAMLINGAR	2019	2020	2021	
Planarkiv/topografisk arkiv				
Registrerte dokument	953	1000	843	
<b>Bildearkiv</b>				
Fotodatabase (bestand, skanna og nye foto)	199 351	206 576	212 535	
Web-publiserte foto (bestand)	152 492	160 389	166 348	
<b>Objekt</b>				
Talet på museumsnummer (bestand)	14 254	14 366	14478	
Talet på gjenstandar (bestand)	1 418 679	1 449 493	1 481 387	



## Fornminnevern

Totalt gjennomførde Arkeologisk museum 12 større og mindre prosjekt i 2021.

Store vegprosjekt utgjorde den største delen av prosjekta. E39-prosjektet fortsette, både som registrerings- og utgravingsprosjekt, kor me saman med representantar frå kulturarvseksjonen frå Rogaland fylkeskommune utførte omfattande registreringar innanfor korridoren til den nye vegstrekninga og starta opp større undersøkingar av buplassar frå steinalderen ved Helleren i Lund kommune på grensa mot Eigersund kommune.

Andre vegprosjekt er Transportkorridor vest i Sola kommune, Ydstebrovdvegen i Eigersund kommune og Harestadvegen i Randaberg, som og fortsett inn i 2022. Alle dei nemnde vegprosjekta blei det avdekt busetnadsspor frå fleire forhistoriske periodar, og då særleg frå bronsealder og jernalder. Av særskilde funn kan me nemne eit graphus/smie frå vikingtid på Eigerøy og ei grav med bevart beinmateriale frå jernalder i Tananger.



I Ølen i Vindafjord skal det bygges ny idrettshall og i den forbindelse har Arkeologisk museum, UiS, en utgraving der. Arkeolog Oliver Djøseland Sørskog forteller litt om funnene så langt.



I samarbeid med NIKU (Norsk institutt for kulturmønsterforskning) gjennomførde me ei undersøking inne i Stavanger domkyrkje sommaren 2021. Logistikken og kompleksiteten ved undersøkinga var utfordrande, men med god planlegging og godt samarbeid fekk me også gode resultat. Forståinga av domkyrkja aukar, i tillegg gir det osteologiske og naturvitenskaplege materialet unik innsikt i vikingtida og mellomalderen i Stavanger.

Avdeling for fornminnevern har og saksbehandla eit breitt spekter av ulike dispensasjonssaker og på den måten vore rådgivar både for Riksantikvaren og Rogaland fylkeskommune. Me hjelper også inn i formidlinga av vår felles forhistorie både på muséet og i felt til dei som besøker oss.

# Oversyn

**MUSEUMSSTYRET** har ansvar for å fastsette overordna mål, prioriteringar og strategiar for museet innanfor rammer gjevne i regelverk og overordna vedtak. Museumsstyret består av åtte medlemmer: tre eksterne representantar, ein studentrepresentant, tre faglege representantar og ein administrativ.

## Styret for perioden 2021- 2025 er satt saman slik:

---

**Leiar:** Axel Christophersen, professor, Vitenskapsmuseet, NTNU


**Andre faste medlemmer:** Charlotte Brysting Damm, professor, UiT  
John Peter Hernes, kommunestyremedlem Stavanger Høyre  
Philip Lundberg Jamissen, Studentrepresentant  
Wenche Brun, Vitskapeleg tilsett, AM-UiS  
Trond Meling, Vitskapeleg tilsett, AM-UiS  
Astrid Johanne Nyland, Vitskapeleg tilsett, AM-UiS  
Hilde Alette Smedstad Moore, Teknisk-administrativt tilsett, AM-UiS

**Varamedlemmer:** Hanne Windsholt, byantikvar, Stavanger, 1. vara eksterne medlemmer  
Karl Kallhovd, Ass. Museumsdirektør, KHM, UiO, 2. vara eksterne medlemmer  
Even André Auflem Bjørdal, 1. vitskapeleg tilsette  
Sigrid Alræk Dugstad, 2. vara vitskapeleg tilsette  
Bettina Ebert, 3. vara vitskapeleg tilsette  
Hilde Fyllingen, 4. vara vitskapeleg tilsette  
Hege Ingjerd Hollund, 5. vara vitskapeleg tilsette

**Administrasjon:** Ole Madsen, museumsdirektør, sekretær for styret  
Marianne Finsnes Molineaux, administrasjonsdirektør, referent

---

## Organisasjonsplan



## PERSONALET

I 2021 hadde museet 94,2 årsverk fordelt på 99 tilsette. 54 personar var tilsette i vitskapelege stillingar og 45 personar i museumsfaglege og administrative stillingar. 2 personar var knytt til museet gjennom ulike tiltak/arbeidstrening i løpet av året.

Ein arbeider målretta for å halde talet på mellombels tilsette på et minimum, men på ein arbeidsplass med stor sesongprega prosjekt- og formidlingsverksemd kan ein likevel ikkje unngå ein viss del mellombelse stillingar. Det var dette året 20 feltarkeologar tilsett i mellombelse stillingar på prosjekt.

**Tabellen viser talet på årsverk ved utgangen av året:**

Årsverk	2019	2020	2021
Alle stillingar	85,9	91,5	94,2

## HMS

Som IA-bedrift (inkluderande arbeidsliv) har museet som mål å føre ein personalpolitikk som fremjar motivasjon og læreevne og som tek vare på helse og trivsel. Me er oppteken av systematisk oppfølging av arbeidsmiljøet på ulike måtar. Anna kvart år gjennomfører UiS ei medarbeidarundersøking som har som formål å bidra til å skape, oppretthalde og vidareutvikle eit godt arbeidsmiljø.

Sjukefråværet i 2021 var 4,1 %, ein nedgang frå 5,63 % året før. Sjukefråværet varierer frå år til år, og ut frå talet på tilsette vil sjølv mindre endringar i fråværet gi store utslag i prosentar. Sjukefråværet vert følgt systematisk opp i samsvar med rutinane for UiS og i samarbeid med NAV. Det fysiske arbeidsmiljøet vert følgt opp mellom anna i samarbeid med bedriftshelsetenesta. Vi har også eit sterkt fokus på tilrettelegging av arbeid i felt.

Rekneskap	2019	2020	2021
Løyving	44,3	45,3	45,5
Eigeninntekter	5,9	2,1	3,5
Interne overføringer	1,1	1,2	-0,9
Eigenandel prosjekt	-0,4	-0,4	-0,9
Investeringar	-3,4	-3,1	-3,7
Inntekter	47,5	45,1	45,3
Løn	-49,3	-48,6	-50,2
Vareforbruk	-1,1	-0,4	-1,2
Varer og tenester	-8,6	-8,6	-8,2
Reisekostnader	-1,5	-0,6	-0,5
Interne overføringer	4,1	5,1	-0,3
Overhead	9,1	10,1	14,6
Kostnader	-47,3	-43	-45,8
Resultat	0,2	2,1	-0,5

## ØKONOMI

Basisløyvinga til museet kjem over statsbudsjettet, som ein del av universitetet si løyving. I tillegg har museet oppgåver i medhald av lov om kulturminne, konserveringsoppdrag og omsetnad frå ei rekke aktivitetar. Av investeringar som vart gjort i 2021 kan det nemnast nye basisutstillingar, magasin, 3D-skannarar, røntgenutstyr, fornying IT, mikroskopi og anna labutstyr, utstillings- og publikumsareal, samt uteareal på Jernaldergården.

Samla kostnader, medrekna eksternt finansierte oppdrag var inkl. investeringar på 96,3 mill. kroner, dvs. omlag som året før, medan den ordinære løyvinga var 45,3 mill. kroner, inkl. øyremerka strategiske tiltak.

Rekneskapen per 31.12.2021 viser eit resultat på 0,5 mill. kroner i meirforbruk som vart finansiert av mindreforbruk frå året før.



## BYGG

Arkeologisk museum disponerer 9850 kvadratmeter fordelt på hovudbygg, besøkssenteret på Jernaldergården, lager og utleiebustad. I samband med planane om nytt magasin- og formidlingsbygg kjøpte Statsbygg tre bustadhus i museumskvartalet og eig med dette heile kvartalet. Statsbygg har ansvar for bygg med faste tekniske anlegg, medan museet eig inventar og utstyr.

